
 "K"UL OG STUDENTKAMPEN--EI SØRGELEG, REAKSJONER SOGE.

I haust etablerte noko som kallar seg "Kommunistisk" Universitetlar her i Tromsø. Om det ikkje skjedd nett med brask og bram, freista i allfall "K"UL å markera seg, m.a. i husleigestreiken. Og kva sa så den "kommunistiske fortroppen": Jau, i ein stensil dei gav ut heiter det at husleigestreik kan vere ei "anvendbar aksjonsform" og at "rundspørringen vil måtte avgjøre om streikeaksjonen nå kan fortsette".

Ikkje eitt ord om at "K"UL vil kaste seg inn i streiken for å få styrka oppslutninga, i staden mumlar "K"UL om at "rundspørringen må avgjøre".

Slik tale kjem ikkje frå ein kommunistisk fortropp, men frå eit borgarleg atterslep i husleigestreiken!

At dette ikkje er ein "glipp" frå "K"UL, har vi fått fleire prov på i haust. Då vi hadde oppe eit framlegg om å trekke studentrepresentantane frå Instituttråd, U-ting og U-styre, vart studentmassa delt i ei ja- og nei-fløy. Dei fleste stadane var det eit lite fleirtal imot, men to Institutt-allmøte og leigebuarmøte var for. Kva gjer så "K"UL:

På hovudallmøtet legg Rune Hagen, "K"UL-ar og SU-medlem (og tidlegare Frihetlig Anarkist, jfr. møteleiinga!), fram eit framlegg om at vi ikkje skal ut nokon stad, og er freidig nok til å seie at dette var oppsummering av drøftinga om saka! Nok ein gong: "K"UL er ikkje nokon fortropp, men eit borgarlegt atterslep i studentkampen!

Vi gjekk ikkje nett i noko glede-rus over nyskapinga "K"UL etter dette, men vi hadde verre ting i vente, nemleg siste hovudallmøtet. Der er stoda at "K"UL og SV samarbeidar i Studentutval og i NSU. Møtet synte at "K"UL og SV berre er samde om ein ting, om fagkritikk-lina. Ellers prova møtet at SV og "K"UL er usams om nær sagt alt mogeleg:

"K"UL står på at fagrørsla er eit "struktur-fascistisk"-system, det er gjennomsyra av "kvit fascisme" osv. i den leia. Denne analysa må

gjelde for SV sine faglege kader og, skal "K"UL vere konsekvent er dei faglege koryfeane i SV ein bunt med "kvite fascistar" e.l.

Men dette hindrar ikkje "K"UL i samarbeid med SV i dei viktigaste studentpolitiske organa, SU og NSU! Vidare står USV Hitra-aksjonen medan "K"UL går rasande imot, "K"UL har kome med eit skriv der dei seier at Sovjet er imperialistisk (jamvel ein "barbarisk" stat!), noko SV går imot osv. osv. Men alt dette maktar "K"UL og SV å skubbe under matta avdi dei er enige i "fagkritikk"-lina!

Dette er opportunisme!

Dette syner kor lite "K"UL og SV i røynda bryr seg med fagleg politikk, med kampen mot (sosial-)imperialismen m.m.: Det tel ikkje meir enn at dei skubbar det under matta på samarbeidet sitt heilage alter!

Og korleis "K"UL har mage til å halde på med "marxistisk fagkritikk" i-saman med eit politisk parti som iflg. "K"UL står for "kvit fascisme" i fagleg politikk, ja, det må vere innpå verdsrekord i opportunisme!

Eit gamalt ordtøke seier at "når utgangspunktet er som galest, blir resultatet som originalest". Dei "super-revolusjonære" i "K"UL har inga vanskar med å samarbeide det "ansvarlege" SV, sjølv om det vert vanskar med å spele same melodi til tider. Vi vil oppmode alle progressive, også folk som sokner imot "K"UL og SV, om å syne denne uhellige og udugelege alliansen ryggen.

Og "K"UL-gruppa si markering i haust syner kva dei "super-revolusjonære" er verd: Dei er utruleg prinsiplause og eit borgarleg atterslep i studentane sin kamp. Dei fortener ingen stønad.

BORT MED DET TROTSKISTISKE SLAGGET
 FRÅ STUDENTRØRSLA!!!!

 KVA TYDER NAMNET "VEGEN FREM"?

Namnet på avisa er det same som Nordahl GRIEG kalla eit tidsskrift han ga ut føre andre verdskrigen. Det "gamle" Veien Frem spela ei viktig rolle i kampen mot fascismen. Vi freistar å føre kampen mot all reak-

Kva tyder namnet "Vegen Frem", forts:

sjon vidare, og lær å kjem å lære av
det "gamle" Veien frem om korleis vi
kan føre kamp på det teoretiske om-
rådet.

Vidare var Nordahl Grieg ein av dei
få småborgarlege intellektuelle som
hadde ryggrad til å stå imot den in-
tensiverte borgarlege ~~est-oljupanja~~
mot det sosialistiske Sovjetunionen
rett føre år te verdenskrigen. Medan
den eine intellektuelle etter den
andre sklei rett på hetsen og vrei
på sine høyrer i heilag avmakt, skjø-
na Nordahl Grieg kva slags klassein-
teresse som sat på anklagebenken i
dei såkalla ~~teoretiske~~ prosessane, og han
var ein varm forsvarar av den sosi-
alistiske oppbygginga i Sovjet. Dette
skreiv han om både i Veien Frem og i
boka "Ung må ~~und~~ kunna vere".

Vi forsvarar også det Sovjet som ein
gong var ein blivende ~~socialistisk~~
stat, og freistar å lære av dei feila
som blei gjort for å hindre at vi
skal gjere dei same feil i kampen i
Noreg for sosialismen, å ~~utslø~~
Dette står i skarp motsetning til det
visse "socialister" seier om Sovjet
under Stalin, dei trekk berre fram
feila og opphøyrar dei i 5. potens, og
seier ikkje eit ord om sosialismen i
Sovjet. Merkeleg nok er det dei same
figurane (Ebbing, Overreim, marxismens
Knoll og Fott) som varast forsvarar
dei nye teorane i Krona, og skjersæl-
ar sosialimperialismen som eit "over-
gangssamfunn", med eit klassekast og
tannkast "skutt" på toppen.

Det er noko vi bør lære av N. Grieg
i den politiske kampen: Han makta å
gå imot strømmen og utvaska den borg-
arlege progressiv-strømmen, borgarane
i Noreg i dag ~~skjøn~~ enig om at
Sovjet av idag er ein sosialistisk
stat (om dei tykje betre enn under
Stalin!), og utslår i høge toner lag
Bresjnev som er nifra "fredsven" osv.
Vi marxist-leninistar vil "gå imot
strømmen", og avsløre sosialimperial-
ismen og socialfascismen for så man-
ge som råd er.

Det ville vere høilt i Nordahl Grieg
sin ånd.

* * * * *
* HVA MÅ GJØRES? *
* * * * *

Hva må gjøres er avisa til Noregs
Kommunistiske Studentforbund. Den
kjem ut 6 gonger i året, og omhan-
dlar emne som står i brennpunktet
i klassekampen på univerteta og
dei høgre lærstadane. Kwart nr. er
på 40/50 sider, og avisa er ei avis
alle progressive treng!
Ting abonnement-det kostar berre
kr. 30 p.å. Postgiro 2232643.

SOGNOKKUPASJONEN var ei viktig
hending for alle studentar. Det er
ikkje kvar dag "politissocialismen"
slår seg laus, vidare fikk den pro-
gressive studentrørsla mange lær-
domar frå SV si rolle i studenta-
ne sin kamp. Det siste nr. av "Hva
må gjøres" har ei grundig framstil-
ling av kva som skjedde i huslei-
gestreiken i Oslo, og synar kva vi
kan lære av okkupasjonen.

KJØP "HVA MÅ GJØRES" FAST-
TING ABBONEMENT!

Den kommunistiske pressa har vokse
jamt og trutt, og på nyåret kjem
avisa "Klassekampen" to gonger i
veka!

Dei som vil fylje med i klassekamp-
en i Noreg og internasjonalt kjem
ikkje utanom den einaste kommunist-
iske arbeideravisa i Noreg, nemleg
KLASSEKAMPEN! Avisa gjev brei dekn-
ing av dei viktigaste klassekamp-
spm. heime og ute, forutan at det er
faste spaltar for kultur, streike-
stønadsarbeid, klipp frå utanlandsk
raud presse osv.

TING ABBONEMENT PÅ KLASSEKAMPEN!

AKP(m-l) sitt teoretiske organ er
"Røde Fane". RF kjem med grundige
kommunistiske analysar av sentrale
emne, dei siste nr. har t.d. tatt
grundig opp kva ein kommunistisk,
fagleg politikk må gå ut på, og det
neste nr. vil take opp krigsfåra
frå dei to supermaktane USA og Sov-
jet (kjem ca. 7/11), nr. i desember
vil handle om krisa i imperialism-
en.

TING ABBONEMENT PÅ "RØDE FANE" !!

For spesielt interesserte visar vi
også til "Materialisten", AKP ved
Universitetet sitt organ for teore-
tisk kamp. Siste nr. går på Ebbing si
"Sovjetanalyse", kjøp det!!!